



# Lovvedtak 23

(2016–2017)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 86 L (2016–2017), jf. Prop. 111 L (2015–2016)

I Stortingets møte 2. desember 2016 ble det gjort slikt

## vedtak til lov

om endringer i offentliglova (gjennomføring av endringsdirektivet til viderebruksdirektivet)

### I

I lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd blir det gjort følgende endringer:

§ 2 sjette ledd skal lyde:

Føresegnene i § 6, § 7 andre ledd, § 8 tredje ledd andre punktum og fjerde og femte ledd og § 30 første ledd tredje punktum og andre ledd gjeld uavhengig av føresegnene i paragrafen her for alle verksemder som er omfatta av EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5k (direktiv 2003/98/EF *som endra ved direktiv 2013/37/EU*) om vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor.

§ 6 tredje ledd skal lyde:

Dersom ikkje anna blir fastsett av Kongen i forskrift, gjeld føresegnene i paragrafen her berre for verksemder som er omfatta av EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5k (direktiv 2003/98/EF *som endra ved direktiv 2013/37/EU*) om vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor.

§ 7 andre ledd skal lyde:

I verksemder som er omfatta av EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5k (direktiv 2003/98/EF *som endra ved direktiv 2013/37/EU*) om vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor, skal eventuelle standardlisensar om bruk av offentleg informasjon vere tilgjengelege i digitalt format, og dei må kunne behandlast elektronisk. Kongen kan i forskrift fastsetje at det same skal gjelde for verksemder som ikkje er omfatta

av EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5k (direktiv 2003/98/EF *som endra ved direktiv 2013/37/EU*) om vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor.

§ 8 fjerde til sjette ledd skal lyde:

For verksemder som fell utanfor lova her, men som er omfatta av anna lovgiving som gir ålmenta innsyn i offentlig verksemd, eller av EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5k (direktiv 2003/98/EF *som endra ved direktiv 2013/37/EU*) om vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor, må dei samla inntektene ved informasjonsutlevering ikkje overstige dei faktiske kostnadene *ved reproduksjon* og formidling av informasjonen, med tillegg av ei rimeleg avkastning av investeringane.

*Verksemder som til vanleg krev betaling for informasjon, skal på førehand offentleggjere gjeldande vilkår og faktisk betalingssum, medrekna utrekningsgrunnlaget for betalinga. Slik informasjon skal gjerast tilgjengeleg elektronisk dersom det er mogleg.*

Dersom ikkje anna blir fastsett av Kongen i forskrift, gjeld føresegnene i tredje ledd andre punktum og i fjerde og femte ledd berre for verksemder som er omfatta av EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5k (direktiv 2003/98/EF *som endra ved direktiv 2013/37/EU*) om vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor.

§ 30 skal lyde:

§ 30 *Korleis organet skal gi innsyn og gjere dokument tilgjengelege*

Organet fastset ut frå omsynet til forsvarleg saksbehandling korleis eit dokument skal gjerast kjent.

Det kan krevjast papirkopi eller elektronisk kopi av dokumentet. Hos verksemder som er omfatta av EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5k (direktiv 2003/98/EF *som endra ved direktiv 2013/37/EU*) om vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor, og hos andre verksemder der det er fastsett av Kongen i forskrift, gjeld retten til kopi alle eksisterande format og språkversjonar. Retten til kopi gjeld ikkje format eller versjonar av eit dokument som er allment tilgjengeleg. Kongen kan gi forskrift om at retten til elektronisk kopi ikkje skal gjelde for dokument som ein tredjeperson har immaterielle rettar til, og for dokument der det er påkravd av arkivtekniske omsyn.

Når verksemder som er omfatta av EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5k (direktiv 2003/98/EF *som endra ved direktiv 2013/37/EU*) om vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor, gir innsyn i informasjon som det knyter seg immaterielle rettar til, skal organet, dersom det har kjennskap til det, opplyse om kven som er innehavar av rettane, eller kva for lisenshavar organet har fått informasjonen frå. Dette gjeld

likevel ikkje når det er klart unødvendig å gi slike opplysningar. Kongen kan fastsetje i forskrift at føresegnene i leddet her også skal gjelde for verksemder som ikkje er omfatta av EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5k (direktiv 2003/98/EF, *som endra gjennom direktiv 2013/37/EU*).

*Dersom verksemder som nemnde i andre ledd gjer dokument med tilhøyrande metadata allment tilgjengelege, skal tilgjengeleggjinga skje i alle eksisterande format og språkversjonar, så langt slik tilgjengeleggjing er i samsvar med lova her og tilhøyrande forskrift. Plikta omfattar maskinleselege format. Plikta etter første punktum omfattar ikkje format som berre blir brukte til lagring eller annan intern bruk, eller som elles er ueigna for tilgjengeleggjing.*

## II

Lova tek til å gjelde 1. juli 2016 eller frå den tida Kongen fastset.

**Olemic Thommessen**

president